

REGULERINGSPLAN FOR BØLØMARKA HYTTEFELT

REGULERINGSFØRESEGNER

1 GENERELT

- 1.1. Desse føresegnene gjeld for området innafor reguleringsgrensa på plankartet datert 14.01.01. Utforminga av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2. Der særlege grunnar talar for det, kan det faste utvalet for plansaker innafor ramma av plan- og bygningslova tillate mindre vesentlege unntak frå reguleringsplanen.
- 1.3. Området er regulert til følgjande formål:

Byggeområde: Område for fritidsbygningar

Fareområde: Høgspenningsanlegg.
Privat veg

Spesialområde:

Fellesområde: Felles avkøyrsel
Felles parkeringsplass

- 2.4 Det skal både i utbyggingsfasen og seinare leggast vekt på å ta vare på den naturlege vegetasjonen i området. Eksisterande vegetasjon skal ikkje fjernast utover det som er naudsynt for å få ført opp bygningane og opparbeidd vegar og parkeringsplass. Trasear for vatn, avlaup og kablar som ikkje kan leggast langs vegar, skal reetablerast med stadeigen vegetasjon. Planutvalet kan pålegge reparasjon av uheldige tiltak og inngrep.

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Dersom det i samband med tiltak i marka vert funne slike kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stansast straks i den grad det vedkjem kulturminne eller deira sikringssone på 5 meter, jfr. lov om kulturminner §8. Melding skal snarast sendast til kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune slik at dei kan avklare om tiltaket kan gjennomførast og evt. vilkår for denne.

2 BYGGEOMRÅDE.

Område for fritidsbygningar. (H1, H2, H3)

2.1 Byggegrenser.

Byggegrenser er vist på plankartet.

2.2 Størrelse, utnytting.

Tillatt bruksareal pr. tomt er 120 m². Dette kan byggast som ein fritidsbustad på 120 m², eller med anneks og uthus kvar på maks 15 m² slik at samla bruksareal

vert 120 m². Dersom det vert bygd 2 eller 3 bygningar skal desse plasserast i tunform, og maks 8 meter frå kvarandre.

Søknad om byggeløyve skal vedleggast situasjonsplan som viser:

- plassering av hytte.
- teikningar av fasadar, planløyving og snitt i målestokk 1:100.

2.3 Plassering, utforming.

Hovudmøneretning er langs den lengste delen av bygninga og skal vere som vist på kartet langs terrengfallet. Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 22 og 34 grader. Taket skal tekkast med torv, men som mellombels tekke kan nyttast papp.

Gesimshøgda skal ikkje overstige 240 cm over grunnmur og grunnmurhøgda skal ikkje overstige 100 cm. Gesimshøgda skal reknast til krysningspunktet mellom ytre takflate og ytre veggflate. Det kan tillast gesimshøgda på 260 cm dersom grunnmurhøgda vert tilsvarende redusert.

Det skal leggast vekt på at bebyggelsen får ei god form og at materiala harmonerer med natur og omgjevnad. Bygningar som kan sjåast i samanheng, skal ha ei harmonisk utforming innbyrdes.

Oppfylling i front av tomte skal ikkje vere brattare enn 1:2.

2.4 Vatn/avløp.

Ved innlegging av vatn skal det søkjast særskilt om utsleppsløyve og i samsvar med fylgjande reglar:

1. Infiltrasjon skal nyttast der tilhøva ligg til rette for det.
2. Felles avløpsanlegg for eit område skal nyttast dersom det ligg til rette for det.
3. Tett tank kan nyttast dersom ein stettar følgjande krav:
 - toalettet skal vere vass-sparande.
 - tanken må vere minimum 6 m³.
 - tanken skal tømast kvart år.
 - tanken skal ikkje plasserast meir enn 6 m lavare og ikkje meir enn 40 m frå vegen den skal tømast frå.
 - bestemmelsane i føresegner for tømning av slamavskiljar, tette oppsamlingstankar for avløpsvatn m.v. for Stordal kommune vert følgde.

2.5 Inngjerding m.m.

Dersom inngjerding av hyttene er naudsynt på grunn av beitande dyr, skal berre verandadel og inngangsparti inngjerdast. Inngjerdinga må ikkje utførast slik at fri ferdsel vert hindra, og gjerdet skal ikkje vere over 90 cm høgt.

Det er ikkje tillatt med portal eller flaggstang på tomte.

6 FAREOMRÅDE

Høgspenningsanlegg

- 6.1 Planen viser fareområde ved høgspenteledning. Innanfor dette området er det ikkje tillatt å føre opp bygningar.

7 SPESIALOMRÅDE

Privat veg

- 7.1 Skogsbilvegen (V1) som alt er opparbeidd gjennom feltet er regulert som privat veg, og skal nyttast som skogsbilveg og tilkomstveg for hyttene. I avkøyrsla frå fylkesvegen som er opparbeidd og skal haldast ved like i samsvar med vegnormalen og forskrifter til veglova sin § 43, er innteikna frisktsoner.
- 7.2 Gammal bygdeveg (V2) er også regulert som privat veg, og skal nyttast av dei som tidlegare har hatt vegrett her, samt som tilkomst for hyttene som naturleg høyrer til denne vegen.

8 FELLESOMRÅDE

Felles avkøyrsel

- 8.1 Områda V3 – V7 syner felles avkøyrsel/veg i feltet. Desse skal opparbeidast med inntil 3 meters breidde.

Felles parkeringsplass

- 8.2 Vinterparkering (2 bilar pr. hytte) skal skje på P1. Naudsynt vinterparkeringsplass for kvar enkelt hytte skal vere opparbeidd samstundes som byggearbeidet på hytta tek til. Parkeringsplassen , samt veg fram til denne skal brøytast vinterstid.

Liabygda, den 14.01.01, revidert 23.04.01.

STORDAL, _____
